

Olje- og energidepartementet  
Postboks 8148 Dep

0033 Oslo

Førde, 27.10.2011

Ref. [Postmottak@oed.dep.no](mailto:Postmottak@oed.dep.no)

Vår ref. Rune Reed

## Kommentar til Forskrift om elsertifikat

Viser til høringsbrev datert 14.9.2011.

For at innføring av sertifikatordninga skal gå kunne utan for store problem, må forskriftene utformast slik at ein utan alt for store vanskar kan tilpasse dagens rutinar og tariffar til det nye regelverket.

Vi støttar opp om høringsuttalane som **EnergiNorge** har sendt, men ønskjer å påpeike enkelte punkt som vi meiner må takast spesielt omsyn til.

### Registeransvarleg.

Registeransvarleg er ikkje klar, korleis handtere handel med elsertifikat for å dekke opp det som skal fakturerast frå 1.1.2012?

### Informasjon til sluttbrukar.

I forslag til forskrift er det opplyst at kostnadar som følgje av elsertifikatplikta skal inngå i prisen ved **fastpriskontrakter**. Dagens fastpriskontrakter går 1 år, 2 år og lenger fram i tid. Desse er inngått til avtalt pris utan at det på tidspunkt for avtaleinngåing var kjent at kostnaden med sertifikat frå 1.1.2012 ville komme i tillegg. I følgje standard leveringsvilkår vil offentlege avgifter m.m. komme i tillegg til kraftprisen, men sertifikatkostnaden er ikkje definert som offentlig avgift.

**Skal sertifikatkostnaden inngå i fastpriskontrakter, må det leggst til rette for overgangsordning for alt inngådde kontrakter.**


Kontrakter som er knytta opp mot **spotpris/områdepris** har eit tillegg i form av påslag pr. kWh eller eit fastledd som skal dekke kostnaden til kraftleverandøren. Dersom sertifikatkostnaden skal inkludrast i dette tariffelementet vil det medføre at det faste påslaget stadig må justerast for å dekke inn den andelen som kunden skal betale. Det faste påslaget som i dag er samanlikningsgrunnlag for kundane vil bli variabelt og over tid og umuleg å bruke for å samanlikne dei ulike leverandørane sine tilbod.

**Sertifikatskostnaden må leggst som tillegg på kraftprisen ved denne type kontrakter.**

**Om ordninga vert definert som myndigheitspålagt krav til inndekning av sertifikatkostnad, vil ein lettare kunne tilpasse gjeldande leveringsvilkår og tariffing.**

Sertifikatkostnaden kan fakturerast som eige element på fakturaen til sluttkunden. Dersom kraftleverandør i tillegg vert pålagt å opplyse om prisen på heimesidene og/eller på Konkurransetilsynet sine sider, vil kundane kunne samanlikne og konkurransen ville vere til stades. Kravet om at opplysningar om kostnaden med elsertifikat skal stå på faktura er også oppfylt.

Kommentaren vert også sendt som brev.

Med helsing  
Sunnfjord Energi AS  
  
Fredrik Behrens  
adm.dir.

  
Rune Reed  
marknadssjef